



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Anna Giertsen, 5557 2164

Vår dato  
20.04.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2018/4518 551  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
v/saksbehandler Ingunn Øvretveit  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
24 APR 2018	
Ark. saksnr. 18/533	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

### Avgjerd i klagesak – avslag på skjenkeløyve i Eikangervåg forsamlingshus den 28.04.2018.

Fylkesmannen viser til ovannemnde klagesak.

Fylkesmannen treff følgjande vedtak:

**Fylkesmannen i Hordaland stadfester Lindås kommune sitt vedtak av 05.03.2018.**

#### Kort om saka:

Saka gjeld klage over vedtak med avslag på søknad om skjenkeløyve til «Påskefest» på Eikangervåg forsamlingshus den 28.04.18.

Lindås kommune har gjort ei vurdering ut frå tidlegare søknader og samfunnsmessige omsyn. Kommunen legg i si avgjerd vekt på at det ved tidlegare innvilga søknad om venners fest den 19.01.18-20.01.18 viste seg å vere årsfest for FHMC, utan at dette var opplyst om i søknaden. Dei skriv òg at det i følgje politiet var andre MC-grupperingar til stades på denne festen, mellom anna 1 % klubbar, som er klubbar ein ikkje vil skal etablera seg av omsyn til kriminalitet og ordensforstyrrelser. Kommunen skriv at dei ikkje vil innvilge skjenkeløyve til lokalar eller klubbar som sympatiserer med 1 % MC klubbar.

Fyllingsnesveien 343 AS klaga på vedtaket. Klagen er grunngeve med at Eikangervåg forsamlingshus er eigd av Fyllingsnesveien 343 AS og at dette er eit selskap som blei stifta av medlemmar frå FHMC for å drifte og vedlikehalde huset. FHMC er leigetakar. I samband med arrangement den 19.01.-20.01. leigde FHMC heile huset. Dei understrekar at dei ikkje sympatiserer med 1 % klubbar eller andre kriminelle organisasjonar.

Lindås kommune har vurdert klagen, men finn ikkje grunnlag for å endre vedtaket. Saka er difor sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

I uttale frå politiet datert 21.02.2018 uttaler dei mellom anna at det ved politiet sitt besøk ved festen i januar viste seg at Kim Arne Reknes, sentralt medlem i FHMC, ikkje hadde vore ærleg ved søknad om skjenkeløyve for denne festen. Dei skriv òg at det på årsfesten i januar var medlemmar frå andre MC grupperingar til stades, mellom anna personar frå 1 % klubbar. Politiet skriv at dei er redde for at etablerte 1 % klubbar skal få fotfeste i Nordhordland ved at

dei blir invitert til festar der det offentlege har gitt skjenkeløyve. Politiet tilrår difor ikkje at det blir innvilga skjenkeløyve.

Vi finn at saka er tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova § 17.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Fylkesmannen sin kompetanse går fram av forvaltningslova. Fylkesmannen kan handsame alle sider av vedtaket det er klaga over, samt ta omsyn til nye omstende, jf. forvaltningslova § 34. Klageinstansen kan stadfeste, gjøre om eller oppheve kommunen sitt vedtak.

Det står i alkoholloven § 1-6 at ved vurderinga om bevilning bør gis, kan kommunen blant anna legge vekt på *«antallet salgs- og skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig. Det kan også legges vekt på om bevilningssøker og personer som nevnt i § 1-7b første ledd er egnet til å ha bevilning.»*

I forarbeida til lova, Ot prp. nr. 7 (1996-1997) står det at:

*«Denne bestemmelsen er en lovfesting av det som følger av alminnelige forvaltningsrettslige prinsipper. I første ledd lovfestes at det er opp til kommunens frie skjønn å vurdere om bevilning til salg eller skjenking skal gis. Kommunene står temmelig fritt ved behandlingen av bevilningssøknadene. Men avgjørelsen må treffes på et saklig grunnlag. Hvilke hensyn det er legitimt å legge vekt på må vurderes konkret. Bestemmelsen gir eksempler på hensyn kommunen kan legge vekt på i skjønnsutøvelsen. De hensynene som nevnes er ikke uttømmende. Hensynene som nevnes kan brukes både for tildeling av bevilning og avslag på søknad. Lovfesting av hensynene innebærer ikke at kommunens skjønn blir et rettsanvendelsesskjønn. Det følger av andre punktum at det også kan legges vekt på bevilningssøkers og sentrale personers egnethet til å ha en bevilning. I den sammenheng kan det både ses hen til deres evne og vilje til å overholde alkoholloven, andre lover som har sammenheng med alkoholloven og skatte- og avgiftslovgivningen.»*

Det skal etter dette takast ei heilskapleg vurdering ved søknad om skjenkebevilning ved einskildhøve. Kommunen kan utøve stor grad av skjønn i vurderinga, så lenge dei omsyn som avgjerda byggjer på er saklege.

Lindås kommune har avslått søknaden med grunngjeving i samfunnsmessige omsyn, der dei legg stor vekt på politiet si uttale av 21.02.2018.

Fylkesmannen tar ikkje stilling til om FHMC sympatiserer med 1 % klubbar, ettersom vi uansett ikkje finn at dette er avgjerande. Vi vurderer at dei samfunnsmessige omsyna kommunen har lagt vekt på i denne saka knytt til fare for kriminalitet og ordensforstyringar er saklege, og vi finn difor ikkje grunn til å setje avgjerda til sides.

Klagen har etter dette ikkje ført fram. Fylkesmannen stadfestar Lindås kommune sitt vedtak av 05.03.2018.

Vårt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd.

Med helsing

Marie Mildestveit  
rådgjevar

Anna Giertsen  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Fyllingsnesveien 343 AS   Gripavegen 76   5918   FREKHAUG